8.trinn – veke 47 og 48
Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærar 8A: Rune Pedersen Bore og Trude Skodje
Kontaktlærar 8B: Monica Dalva Valvatne og Signe Vartdal Carlsen
Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.
Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no
Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Du skal kunne hente ut informasjon og fortelje om boka du les i. Du skal kunne kjenne att og bruke dei ulike forteljerteknikkane, handlingsreferat, skildring, replikk og tankereferat, Du skal kunne slå opp og hente ut informasjon du treng frå ei ordbok.
Engelsk	Du skal kunne fortelje om geografi, kultur, samfunn og tradisjonar i Storbritannia. Du skal kunne bruke spørjeord.
Matematikk	Du skal kunne bruke reglar for deling, kjenne att, og skilje mellom ekte og uekte brøkar, gjere om mellom uekte brøk og blanda tal, og kunne utvide og forkorte brøkar.
KRLE	Du skal kunne fortelje om jødedommen. Du skal kunne forklare kva det vil seie å vere jøde, fortelje om kva som kjenneteiknar dette folket og denne religionen. Du skal kjenne til viktige personar frå den jødiske historia, som Abraham og Moses, og Gud si pakt med dei.
Samfunnsfag	Du skal kunne fortelje og forklare om årsaker, viktige hendingar og konsekvensar av den franske- og amerikanske revolusjonen. Du skal kunne forstå og bruke fagord frå emnet, og vite kva desse revolusjonane har å seie for verda og Noreg i dag.
Naturfag	Du skal vite korleis eit atom er bygd opp, kva elementærpartiklane heiter og kva ladning dei har. Du skal kunne lese ut av ein formel om det er eit grunnstoff eller ein kjemisk sambinding, og vite kva atomsymbol og atomnummer fortel om i det periodiske systemet.
Tysk	Vi startar med kap 2. Du skal kunne bruke verb i presens. Du skal kunne namn på land og språk.
Engelsk fdj.	Du skal kunne presentere ein person du ser opp til (idol, førebilete, kvardagshelt, superhelt) munnleg for eit publikum. Du skal kunne bruke presentajonsverktøy og stikkord til å vidareformidle innhaldet.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne samarbeide i ei gruppe for å vidareutvikle og etablere bedrifta, planleggje og gjennomføre arbeidsoppgåver, ta ansvar for eiga rolle og bidra til å få bedrifta i gang. Du skal òg kunne dokumentere arbeidet ditt gjennom loggføring.
Kroppsøving	Du skal kunne utføre baggerslag og fingerslag i volleyball og bruke teknikkane i spel. Du skal kunne øve på koordinasjon og motoriske rørsler, samarbeide med andre, og bidra til å gjere medspelarane dine gode.
Musikk	Du skal kunne lage og notere rytme i samspel med andre.
LED	Robust og Olweus. Du skal kunne trene på merksemd og konsentrasjon. Elevane planlegg eventuell kalender til desember.

Diverse	**Informasjon frå helsesjukepleiar** Elevar i Time kommune kan bestille time hos helsesjukepleiar på nett**:** Bestill time her. **Læringsstrategi denne perioden** Stikkord og styrkenotat. **Lesekonkurranse** Me er godt i gang med lesekonkurransen til ein av verdas beste fotballspelar, Erling Braut Haaland. Me er imponerte og stolte over lesinga til nå, og nå er de halvvegs i denne perioden. De vil fortsatt få tid til lesing på skulen, og elles så må de lese så mykje de klarer på fritida. Klassane konkurrerer samla, slik at dette blir eit lagarbeid der alle bidreg. Det er kule premiar. **Tur til biblioteket på Bryne** Onsdag 18.november (8b) tek vi buss til Bryne på slutten av dagen for å besøkje biblioteket. Her kan de få gode boktips og låne bøker. Ta med lånekort ditt. Veke 47 **Onsdag 18.november:** Munnleg presentasjon i engelsk fordjuping. Veke 48 **Samfunnsfag**: Fagsamtalar etter avtale med faglærar. Veke 49 **Norsk:** Munnleg framføring om ei bok du liker.

Heimearbeid veke 47	
Måndag 16	
Tysdag 17	**Matematikk:** Gjer forelesningane 5.1 og 5.2 på Campus om brøk, uekte brøk og blanda tal. Ta eigenvurderingane.
Onsdag 18	**Tysk**: Du skal lære nye ord, og skrive nokre setningar, sjå OneNote heimearbeid v. 47. **Eng.fdj:** Førebu deg til den munnlege presentasjonen din. Du finn informasjon om kva som skal vere med og vurdering på OneNote – innhaldsbibliotek.
Torsdag 19	**Norsk**: Me oppfordrar til lesing - hugs at du skal presentere ei bok i v. 49. **Engelsk:** Gjer heimearbeid v.47 på OneNote.
Fredag 20	**Samfunnsfag**: Førebu deg til fagsamtalen i v. 48. Jobb med målarket om revolusjonane som ligg på OneNote - vurdering. **Arbeidslivsfag:** Sørg for at du har skrive ein utfyllande logg denne veka som dokumenterer arbeidet ditt. Hugs å leggje ved bilete som viser arbeidsprosessen.

Heimearbeid veke 48	
Måndag 23	**Samfunnsfag**: Lekse denne veka i samfunnsfag er å førebu deg til fagsamtalen den dagen du skal ha han. Øv godt på målarket om revolusjonane som ligg på OneNote - vurdering
Tysdag 24	**Matematikk:** Gjer forelesning 5.4 på Campus. Ta eigenvurderinga.
Onsdag 25	**Tysk**: Du skal skrive tala mellom 20 og 100, sjå OneNote heimearbeid v. 48.
Torsdag 26	**Norsk**: Førebu deg til bokpresentasjon. Me oppfordrar til lesing heime.
Fredag 27	**Arbeidslivsfag:** Sørg for at du har skrive ein utfyllande logg denne veka som dokumenterer arbeidet ditt. Hugs å leggje ved bilete som viser arbeidsprosessen.